

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 04.08.2015  
Vår ref.: 2015/6758-6  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: «REF»

## Fråsegn til høring av reguleringsplan, Kjevikdalen fyllplass - Lindås kommune, planID 1263201306

Vi viser til brev datert 29.06.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Kjevikdalen fyllplass, gnr/brn 176/25, 177/36 m.fl. Hovudføre måla i planen er massedeponi, renovasjonsanlegg, næring og administrasjon. Føremålet dels i samsvar med kommuneplan der området er sett av til byggjeområde og LNF. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 01.11.2013

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Planfagleg

Hordaland fylkeskommune minner om at delar av det utvida arealet avsett til massedeponi ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Endring av føremål skal hovudsakleg gjerast som del av kommuneplanprosess.

#### Landskap og friluftsliv

All utbygging har verknader på landskapet og planlegginga må difor sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevningane. Det er positivt at planen har føresegner som sikrar skånsam handtering av terrenget, vegetasjonsskjerm og buffer mot dei tilgrensande areala.

Planen omfattar ein mindre del av Seimsfjorden. Fjorden er registrert som eit regionalt friluftsområde med viktige strandsoneverdiar. Slik planen ligg føre vil areal for massedeponi grense til det regionale friluftsområdet. Vi ber om at ein har særleg omsyn til landskap og strandsoneverdiar i denne delen av planområdet.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av arealet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Då planområdet omfattar areal i sjø har vi lagt saka fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen – Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren- Kultur –og idrettsavdelinga